



Sogn og Fjordane Teater  
Førdehuset, Angedalsvegen 5

6800 FØRDE

## Fylkeskommunalt tilskot 2014 – tilskotsbrev Sogn og Fjordane teater

Fylkestinget har sett av 5 757 000 kr i driftstilskot til Sogn og Fjordane teater 2014.

Hovudutvalet for kultur handsama i sak 2/14 føringane for fylkeskommunalt driftstilskot 2014. Saka ligg ved og fylkesdirektøren viser til denne for utfyllande informasjon.

Med fylkeskommunalt tilskot følgjer det også forventningar om at institusjonane skal legge vekt på å imøtekomme regionale forventningar slik desse er formulert i saksframstillinga. Det vert forventa at institusjonane svarar på desse gjennom sine årsmeldingar, ev. i egne rapportar til fylkeskommunen.

Generelle føringar som ligg til grunn for tilskotet:

«Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes må fylkeskommunen også peike på område der vi utfordrar institusjonane på å ha klare strategiar og mål for sin aktivitet. Dette vil m.a. vere:

- Strategiar for å nå barn og unge
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket
- Kompetansebase for andre aktørar
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Publikumsarbeid (tiltak for å gjere seg kjend med kven publikum er, kor nøgde dei er med tilboda, kven ein ev. ikkje når, korleis nå nye publikumsgrupper, osv.)»

Fylkesdirektøren vil elles peike på følgjande område som viktige for våre føringar for tilskot til Sogn og Fjordane teater:

- samarbeid om gode produksjonar for barn og unge til bruk i Den kulturelle skulesekken
- publikumsarbeid
- samarbeid med andre institusjonar regionalt/nasjonalt for å utvikle teatertilbodet i fylket

Fylkesdirektøren viser også til den prosessen som er gjennomført om publikumsarbeid i institusjonane. Det er føresett at dei aktuelle institusjonane deltek aktivt vidare i dette arbeidet. Fylkesdirektøren ber om tilbakemelding innan 01.05.14 om korleis Sogn og Fjordane teater vil følgje opp publikumsarbeidet. Da serleg med fokus på tiltaka som er skissert under generelle føringar om publikumsarbeid: tiltak for å gjere seg kjend med kven publikum er, kor nøgde dei er med tilboda, kven ein ev. ikkje når, korleis nå nye publikumsgrupper, osv.

På bakgrunn av dette vert driftstilskot 2014 utbetalt.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
fylkesdirektør

Sissel Lillebø Aarseth  
fagkoordinator

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



Vedlegg:

Protokoll HK-sak 2/14

Saksframstilling HK-sak 2/14

Kopi:

Førde kommune